

O K Charter AS  
Vestbygdvegen 11  
5919 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/5984 - 21/63968

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
24.09.2021

## Løyve til oppføring av veg, parkeringsplass og endra avkjørsle - gbnr 345/35 Vikebø

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 997/21**  
**Tiltakshavar:** Ingrid Brakstad Klausen  
**Ansvarleg søker:** O K Charter AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av veg, parkeringsplass og endra avkjørsel på gbnr 345/35 og delvis på gbnr 345/59 på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, motteke 24.09.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Eksisterande vegetasjon ut over den som er naudsynt for bygginga skal takast vare på.
3. Parkeringsplassar skal reduserast til 36 m<sup>2</sup>.
4. Det vert stilt krav om masseutskifting rundt leidningane. Røyr for overvatn under Skintveitvegen like ved avkjørsle samt at bekkeløp for overvatn på gbnr 345/35 må oppretthaldast.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

1. Godkjent ferdigmelding frå vegavdelinga om arbeid med masseutskifting rundt leidningar.

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av veg, parkeringsplass og endra avkørsel fra kommunal veg på gbnr 345/35 og 345/59 Vikebø.

Dispensasjon fra planføremål i arealdel til kommunedelplan for Meland og fra byggjeforbod mot tiltak i Rylandsvassdraget for etablering av ny veggtilkomst med parkeringsplassar for gbnr 345/45 og delvis på gbnr 345/59 er gjeve i sak 20/17462 den 10.03.21.

Bustadtomta er i matrikkelen opplyst til å vere 4789,2m<sup>2</sup> og vart oppretta i 1942.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, avkørsle, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.06.21 og supplert 24.09.21.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken 28.06.21. Tilleggsdokumentasjon vart etterspurta ved brev av 09.09.21.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 24.09.21.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### **Planstatus**

Eigedomen – gbnr 345/35 ligg delvis i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland (KDP) er definert som LNF-område (landbruk-, natur og friluftsområde), der arealet ned mot Rylandsvassdraget er avsett til friområde, samt delvis i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland (KDP) er definert som Offentleg- og privat tenesteyting.

Eigedomen – gbnr 345/59 ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland (KDP) er definert som byggjeområde for Offentleg - og privat tenesteyting.

Gjennom kommunedelplanen sin arealdel er det fastsett en generell byggegrense mot vassdrag på 50 meter. Delar av tiltaket (parkeringsplass på 190 m<sup>2</sup>) ligg nærmare vassdraget enn dette (40 meter frå vassdraget) og krev dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag, jf. føresagn 1.6.0 til KDP. Vidare ligg området i kommunedelplanen innanfor sikringssona for Rylandsvassdraget, H190\_1. Her gjeld verneplanen for Rylandsvassdraget, jf. føresagn 4.1.1 til KDP.

I kommunedelplanen ligg området innanfor sikringssone for Rylandsvassdraget. Rylandsvassdraget har eigen verneplan/forvaltningsplan som skal vere Alver kommune sitt verktøy for forvaltning av vassdraget. Det aktuelle tiltaket ligg i Klasse 1 i verneplanen, og er definert som eit område som kan ha stor verdi for friluftslivet. Eit av måla i planen er å styrka og leggja til rette for eit aktivt og mangfaldig friluftsliv i vassdraget og nedbørdfeltet. Dette gjeld spesielt dei delane av vassdraget som ligg nær tett busetnad slik som omsøkt område.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 24.09.21. Det er tinglyst rett til atkomstrett og etablering av veg delvis på kommunal eide dommen gbnr 345/59.

Tiltaket er plassert utanfor byggegrense i plan. Det er gjeve dispensasjon frå byggjegrense og planføremål i sak 20/17462.

## **Vatn og avløp (VA)**

Eide dommen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup. Det er gjeve uttale frå VA-avdelinga den 31.01.20 i sak 20/1793 på at trase på hovudvatn og avløp går langs grensa med gbnr 345/59 og at det vert stilt krav om masseutskifting rundt leidningane. Rør for overvatn under Skintveitvegen like ved avkøysle samt bekkeløp for overvatn på gbnr 345/35 må oppretthaldast.

## **Tilkomst, avkøysle og parkering**

Eide dommen er sikra lovleg tilkomst til offentleg kommunal veg. Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 12 meter. Vegstyresmakta har i sak 20/13637 i vedtak, datert 31.07.20 gjeve løyve til flytting av avkøysle på gbnr 345/35 med plassering 12 meter frå offentleg kommunal veg og avstand 0 meter til kommunal parkering på gbnr 345/59.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser parkering og avkøysle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknader i saka.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

## **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **VURDERING:**

## **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/5984**

## **Ansvaret**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Erik Klausen	Postboks 70	5906	FREKHAUG
Ingrid Brakstad Klausen	Postboks 70	5906	FREKHAUG

### **Mottakarar:**

O K Charter AS	Vestbygdvege n 11	5919	FREKHAUG
----------------	-------------------	------	----------